

Innst. S. nr. 48

(2001-2002)

Innstilling fra finanskomiteen om fullmakt til å ta opp innenlandske og utenlandske statslån

St.prp. nr. 28 (2001-2002)

Til Stortinget

SAMMENDRAG

Det oljekorrigerte underskotet på statsbudsjettet blir finansiert ved overføring frå Statens petroleumsfond. Avdrag på statens gjeld samt netto utlån til statsbankane m.v. blir dekkja ved nye låneopptak og ved trekk på statens kontantbeholdning (statens konti i Noregs Bank).

Tabell 1. Statens lånebehov i 2001¹ og 2002. Mill. kroner

	Overslag over rekneskapen 2001	Statsbudsjettet 2002
A Statsbudsjettets oljekorrigerte overskot	- 4 041	- 36 900
B Overført frå Statens petroleumsfond	4 041	36 900
C Overskot før lånetransaksjonar (A+B)	0	0
D Utlån til statsbankane, andre utlån, aksjeteikning mv., Netto	17 335	11 637
E Statens netto lånebehov (D-C)	17 335	11 637
F Gjeldsavdrag innanlands ²	41 920	45 857
G Gjeldsavdrag utanlands ³	967	1 561
H Samla finansieringsbehov som skal dekkjast med trekk på kontantbeholdninga og ved låneopptak (E+F+G)	60 222	59 055
Memo:		
Overskot på statsbudsjettet før overføring til Statens petroleumsfond	237 894	149 870

¹ Jf. St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 4 (2001-2002).

² Dette gjeld avdrag på langsiktige statslån, medan avdragsbetalingar på kortsiktige lån ikkje er medrekna.

³ Alle utanlandslån er langsiktige.

Forslaget til statsbudsjett for 2002, jf. St.prp. nr. 1. Tillegg nr. 4 (2001-2002) syner at staten har eit brutto finansieringsbehov på 59,1 mrd. kroner i 2002, jf. tabell 1. Av dette utgjer netto utlån til statsbankane, kjøp/sal av aksjar og utlån til andre m.v. 11,6 mrd. kroner, medan avdrag på langsiktig gjeld er berekna til 47,5 mrd. kroner. Ein legg opp til at statens finansieringsbehov i hovudsak blir dekkja ved låneopptak innanlands. Spørsmålet om å dekke deler av statens

finansieringsbehov ved trekk på Petroleumsfondet vart drøfta i Revidert nasjonalbudsjett 1997, og ein av konklusjonane var at statens lånebehov ikkje nødvendigvis blir redusert om heile eller deler av nettofinansieringsbehovet blir dekkja ved trekk på Petroleumsfondet. Tilrådinga var difor at statens finansieringsbehov bør dekkjast med låneopptak. Eit fleirtal i finanskomiteen tok konklusjonen til etterretning. Denne konklusjonen har

lege til grunn for vedtaket om finansiering av staten dei siste åra.

Når ein vurderer opplegget for finansieringa av staten, tar ein normalt det utgangspunktet at statens transaksjonar samla sett skal virke nøytralt på likviditeten i pengemarknaden. Staten trekkjer isolert sett inn likviditet frå pengemarknaden svarande til overskotet på statsbudsjettet inkludert overføringane til Petroleumsfondet. Likviditeten blir tilført marknaden igjen gjennom kjøp av valuta (og sal av kroner) til Petroleumsfondet. Nokre postar på statsbudsjettet, som t.d. overføringar frå Noregs Bank og renter på statens utlandslån, påverkar ikkje likviditeten i pengemarknaden direkte. Desse transaksjonane påverkar likevel balansen på statsbudsjettet og dermed avsetninga i Statens petroleumsfond. For 2002 er slike postar berekna å utgjere om lag 13 mrd. kroner. For å få eit likviditetsnøytralt opplegg, må ein låne eit tilsvarande beløp

ekstra i 2002. Korrigert for slike postar skal staten i 2002 eventuelt låne om lag 72 mrd. kroner.

Erfaringa frå tidlegare år tilseier rommelege lånefullmakter, slik at ein kan tilpasse statens låneprogram til skiftande forhold gjennom året. På denne bakgrunnen ber ein om, på linje med opplegget for inneverande og tidlegare år, fullmakt til å ta opp langsiktige innanlandske lån som er større enn finansieringsbehovet i 2002.

Tabell 2 gjev ei samla oversikt over lånefullmaktene i 2000 og 2001 saman med forslag til fullmakter for 2002. Fullmakta for opptak av nye langsiktige innanlandske og utanlandske statslån blir foreslått sett til 80 000 mill. kroner og 20 000 mill. kroner, høvesvis. Fullmakta for uteståande lån i form av kortsiktige marknadspapir, medrekna kortsiktige kontolånplasseringar frå Folketrygdfondet, blir foreslått redusert frå 100 000 mill. kroner til 80 000 mill. kroner. Fullmakta for samla uteståande i andre kortsiktige lån blir foreslått halden uendra på 100 000 mill. kroner.

Tabell 2. Fullmakter til opptak av statslån i 2000 og 2001. Forslag til fullmakter for 2002. Mill. kroner

	Fullmakt for 2000	Utnytta 31. desember 2000	Gjeldande fullmakt for 2001	Utnytta 30. september 2001	Forslag til fullmakt for 2002
Langsiktige innanlandske lån ⁴ , nye lån	40 000	33 200	90 000	28 400	80 000
Lån i utlandet, nye lån	20 000	0	20 000	0	20 000
Kortsiktige lån, samla uteståande:					
- kortsiktige marknadspapir ⁵	100 000	33 500	100 000	39 300	80 000
- andre kortsiktige lån	90 000	37 042	100 000	49 061	100 000

⁴ Medrekna langsiktige kontolån frå Folketrygdfondet.

⁵ Medrekna kortsiktige kontolån frå Folketrygdfondet.

Det er i kap. 3 i proposisjonen gjort greie for statsgjelda og statens kontantbehandling, i kap. 4 for innanlandske lån og i kap. 5 er det gjort greie for utanlandske lån mellom Noregs Bank og sentralbankane i andre land. I kap. 6 i proposisjonen er det gjort greie for kredittavtalar.

KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Ranveig Frøiland, Svein Roald Hansen, Tore Nordtun, Torstein Rudihaugen og Hill-Marta Solberg, fra Høyre,

Svein Flåtten, Torbjørn Hansen, Heidi Larssen og Jan Tore Sanner, fra Framskrittspartiet, Gjermond Hagesæter, lederen Siv Jensen og Per Erik Monsen, fra Sosialistisk Venstreparti, Øystein Djupedal, Audun Bjørlo Lysbakken og Heidi Grande Røys, fra Kristelig Folkeparti, Ingebrigt S. Sørfonn og Bjørg Tørresdal, fra Senterpartiet, Morten Lund, fra Venstre, May Britt Vihovde og fra Kystpartiet, Karl-Anton Swensen, slutter seg til forslagene I-IV i proposisjonen om fullmakter til å ta opp innenlandske og utenlandske statslån i 2002.

KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen viser til proposisjonen og til det som står foran, og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

I

Finansdepartementet får fullmakt til å ta opp nye langsiktige innanlandske statslån til eit beløp av 80 000 mill. kroner i 2002.

II

Finansdepartementet si fullmakt til å ha uteståande kortsiktige marknadslån blir sett til 80 000 mill. kroner.

III

Finansdepartementet si fullmakt til å ha uteståande andre kortsiktige lån blir auka til 100 000 mill. kroner.

IV

Finansdepartementet får fullmakt til å ta opp nye lån i utlandet i 2002 til eit beløp motsvarande 20 000 mill. kroner utrekna på grunnlag av valutakursane per 31. oktober 2001.

Oslo, i finanskomiteen, den 6. desember 2001

Siv Jensen
leder

Svein Flåtten
ordfører

Ingebrigt S. Sørfonn
sekretær